



Arkivnr: 2014/13022-6
Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.08.2014

Rekneskapsrapport pr. juni 2014

Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga etter 1. halvår 2014.

Totalt sett er prognosen at fylkeskommunen får eit meirforbruk i 2014 på 50 mill. kr med utgangspunkt i vedtatt driftsbudsjett. Hovudårsaka til dette er at billettinntektene og skatteinntektene er lågare enn budsjettet. På den positive sida ser netto renteutgifter ut til å verta litt lågare enn budsjettet. Det er ein del usikre moment for prognosen, spesielt knytt til vidare utvikling i billettinntektene og skatteinngangen. Fylkesrådmannen vil følgje utviklinga nøye og vil kome med ein meir omfattande analyse i 2. tertialrapport til fylkestinget i oktober.

På kostnadssida er det på alle sektorar godt samsvar mellom forbruk og budsjett.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2014 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.08.2014

Gjeldande rapporteringsrutinar inneber at ein i tillegg til tertialrapportane til fylkestinga i juni og oktober skal ha rapportering til fylkesutvalet ved utgangen av månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapport pr. juni 2014.

Det vedlagde tabelloversynet, som viser rekneskapen etter 1. halvår, kan gje ein peikepinn på utviklinga. Ved jamt forbruk gjennom heile året skal omlag 50% av budsjettet vera brukt ved halvårsskiftet. For mange av budsjettområda viser tabelloversynet godt samsvar med dette. På nokre område er det variasjon for kva tid på året store inntekts- og utgiftspostar vert førte, så her er det naturlige forklaringar på avvik.

I 1. tertialrapport til fylkestinget i juni rapporterte fylkesrådmannen at prognosen var eit meirforbruk i 2014 på 20 mill. kr for driftsbudsjettet totalt sett. Prognosen på meirforbruk er pr. utgangen av juni er i denne rapporten auka til 50 mill. kr på grunn av at tendensen med noko lågare billettinntekter enn budsjettert innanfor samferdsel har halde fram, og på grunn av at fylkeskommunen har fått litt mindre skatteinntekter enn forventa.

Status for investeringar og eventuelle behov for budsjettjusteringar, vil fylkesrådmannen kome attende til i 2. tertialrapport.

Staus for dei ulke driftsområda

Innanfor funksjonsgruppene Politiske organ og administrasjon, Fellesfunksjonar, Tannhelse, Regional utvikling, Fylkeskommunal næringsverksemd, Kultur og Interne finansieringstransaksjonar er det få risikofaktorar som kan føre til store avvik i forhold til budsjett. Ut frå forbruk pr. juni og samanlikna med forbruk tidligare år ligg ein ikkje an til å få meirforbruk på desse områda.

Opplæring

Prognosen pr. 1. tertial var at ein styrer mot balanse eller eit mindre underskot på rundt 5 mill. kr innanfor opplæringssektoren. Det er ikkje nye opplysningar pr. d.d. som skal tilseie ei endring i prognosen. Fyrste halvår har opplæringssektoren brukt 46,9% av netto årsbudsjett.

Samferdsel

I 1. tertialrapport var prognosen for året ei overskriding på nettoramma på 20 mill. kr innanfor samferdsel. Hovudårsaka til dette var mindre billettinntekter enn budsjettert. Det vart varsla om at blir tendensen ytterlegare forsterka ut året kan avviket bli større. Ser ein på utviklinga av billettinntektene etter utgangen av juni er det stor risiko for at avviket blir større enn dei 20 mill. kr som vart varsla i 1. tertialrapport.

På utgiftssida innanfor samferdsel er det fortsatt totalt sett godt samsvar mellom driftsbudsjett og rekneskap.

Fylkesrådmannen fører no opp prognose for meirforbruk totalt på 35 mill. kr innanfor samferdsel, men det er fare for større overskridingar om ikkje utviklinga i billettinntektene snur i haust. Fylkesrådmannen vil følgje utviklinga nøye og kome med ei nærare vurdering i 2. tertialrapport.

Skatt og rammetilskot

I 1. tertialrapport vart det varsla om at skatteinngangen var tilnærma budsjett. I revidert nasjonalbudsjett for 2014, som vart lagt fram etter 1. tertialrapport, er det frå sentralt hald varsla noko lågare vekst i dei frie inntektene i 2014 enn det som vart lagt til grunn i statsbudsjettet.

Når KS legg dei nye føresetnadane inn i sin prognosemodell, er det rekna ut at Hordaland fylkeskommune får 18,5 mill. kr mindre i frie inntekter i 2014 enn det som er budsjettert.

Ser ein på faktisk skatteinngang pr. utgangen av juni, og korrigerer for inntektsutjamninga, har ein fått inn 10 mill. kr mindre enn budsjettert. Av eit totalbudsjett på 5,7 mrd. kr i frie inntekter er avviket lite og det skal forholdsvis små endringar til før utviklinga snur den eine eller den andre vegen. Ut frå dei siste utrekningane som er gjort av KS og ut frå skatteinngang pr. utgangen av juni er fylkesrådmannen sin prognose ein svikt i skatteinntektene på 15 mill. kr samanlikna med det som er budsjettert.

Renter og avdrag

Her er framleis prognosen at fylkeskommunen får ei netto innsparing i renter og avdrag på 5 mill. kr, slik som meldt i 1. tertialrapport.

Totalt sett vert då prognosen eit meirforbruk på 50 mill. kr som vist i tabellen nedanfor.

Tabell som viser status pr. 30. juni etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen)

	Rekneskap juni 2014	Årsbudsjett	Forbruk i % av årsbud.	Prognose budsj.avvik	Rekneskap juni 2013
Politiske organ og adm.					
Kostnader:	155 819	292 261	53,3 %		149 829
Inntekter:	-13 865	-13 143	105,5 %		-15 506
Netto	141 954	279 118	50,9 %	0	134 323
Fellesfunksjonar					
Kostnader:	9 037	134 073	6,7 %		22 335
Inntekter:	-20 612	-25 900	79,6 %		-14 397
Netto	-11 575	108 173	-10,7 %	0	7 938
Opplæring					
Kostnader:	1 488 438	3 103 415	48,0 %		1 244 107
Inntekter:	-215 085	-390 085	55,1 %		-301 470
Netto	1 273 353	2 713 330	46,9 %	-5 000	942 637
Tannhelse					
Kostnader:	137 288	275 914	49,8 %		139 764
Inntekter:	-55 151	-91 683	60,2 %		-49 736
Netto	82 137	184 231	44,6 %	0	90 028
Regional utvikling					
Kostnader:	108 682	269 283	40,4 %		148 778
Inntekter:	-138 179	-179 028	77,2 %		-114 252
Netto	-29 497	90 255	-32,7 %	0	34 526
Fylkeskom. næringsverksemd					
Kostnader:	33 591	50 000	67,2 %		25 897
Inntekter:	-80 089	-144 450	55,4 %		-88 075
Netto	-46 498	-94 450	49,2 %	0	-62 178
Samferdsel					
Kostnader:	1 340 934	2 719 885	49,3 %		1 225 551
Inntekter:	-646 762	-1 006 132	64,3 %		-461 565
Netto	694 172	1 713 753	40,5 %	-35 000	763 986
Kultur					
Kostnader:	172 372	303 119	56,9 %		153 300
Inntekter:	-42 845	-138 501	30,9 %		-76 198
Netto	129 527	164 618	78,7 %	0	77 102
Skatt og rammetilskot					
Inntekter:	-3 121 980	-5 710 250	54,7 %		-3 019 637
Netto	-3 121 980	-5 710 250	54,7 %	-15 000	-3 019 637
Renter og avdrag					
Kostnader:	98 004	536 900	18,3 %		79 450
Inntekter:	-43 044	-59 550	72,3 %		-11 641
Netto	54 960	477 350	11,5 %	5 000	67 809
Interne finansieringstransaskj.					
Kostnader:	130 262	204 162	63,8 %		57 232
Inntekter:	-130 262	-130 262	100,0 %		-71 432
Netto	0	73 900	0,0 %	0	-14 200
NETTO FYLKET TOTALT	-833 447	28		-50 000	-977 666

Merknad til tabell:

Totale inntekter, som er ført i tabellen under samferdsel, ligg for høgt. Det er på grunn av at statlig tilskot på kr 131 mill. kr, som i all hovudsak skal gå til investering, er inntektsført i driftsrekneskapet. Dette skal no førast over til rett stad.